



# Statens vegvesen

## Møteinnkalling

**Til:** Eva Vinje Aurdal, Tore Johan Øvstebø, Øystein Tvedt, Kristin Sørheim, Anders Riise, Kjetil Strand, Ove Nesje, Jøran Mentzoni Eilertsen, Torbjørn Vatnehol, Bjørn Sunde, Sunniva Ullavik Erstad, Nils Inge Romarheim, Ole Kristian Birkeland, Olav Megrund, Marius Maske.  
**Kopi:** Carl Johansen, Vebjørn Krogsæter, Arild Fuglseth.  
**Fra:** Sekretariatet for Bypakke Ålesund.

**Saksbehandler:** Nils Inge Romarheim

**Tlf. saksbeh.** 906 59 309

**Vår dato:** 07.12.2022

## Møte i styringsgruppe for Bypakke Ålesund – Møte 9/2022

<b>Møtested:</b>	Teams
<b>Møtedato:</b>	09.12.2022
<b>Møtetid:</b>	1000 – 1200
<b>Møteleder:</b>	Tore Johan Øvstebø

## Saksliste

Punkt	Sak	Innleder / Ansvar	Tid
1	Innleiing ved leiar for styringsgruppa	Tore Johan Øvstebø	1000 – 1005
2	Orientering fra Vegamot: Passerings- og inntektsstatistikk	Marius Maske	1005 – 1020
3	Fordeling av statleg finansiering på statlege prosjekt i bypakka	Nils Inge Romarheim	1020 – 1035
4	Trafikksituasjonen i Utvika	Tore Johan Øvstebø/ Nils Inge Romarheim	1035 – 1045
5	Vidareutvikling av merkevara Bypakke Ålesund	Sunniva Ullavik Erstad/Hanne Vegsund Fagerslett – Vest studio	1045 – 1115
6	Årsplan for møter i 2023	Nils Inge Romarheim	1115 – 1125
7	Eventuelt	Nils Inge Romarheim	1125 – 1130

## Styringsgruppa for Bypakke Ålesund

Ålesund kommune: Ordførar Eva Vinje Aurdal, Tore Johan Øvstebø (leiar) og Øystein Tvedt.  
Vara: Vebjørn Krogsæter.

Møre og Romsdal fylkeskommune: Kristin Sørheim og Anders Riise. Vara: Carl Johansen.

Statens vegvesen: Leiar Transport midt, Kjetil Strand, og leiar Utbygging midt, Ove Nesje.

## Sekretariatet for Bypakke Ålesund

Ålesund kommune: Jøran Mentzoni Eilertsen.

Møre og Romsdal fylkeskommune: Torbjørn Vatnehol (Bjørn Sunde).

Statens vegvesen: Nils Inge Romarheim (leiar).

Kommunikasjon: Sunniva Ullavik Erstad (Christine Rørvik).

## Sak 3 – Fordeling av statleg finansiering på statlege prosjekt i bypakka

### Bakgrunn

Styringsgruppa vedtok forrige møte oppstart i 2023 av prosjektet Kollektivknutepunkt i sentrum. Førsetnaden for oppstart var at ein får klarsignal til å trekke opp bompengar til den statlege delen av prosjektet. Dette gjeld Posthuskrysset som er finansiert gjennom prosjektet *Brosundbro, og ny gate i forlenging av Keiser Wilhelms gate*, jfr. tabell 3.1 nedanfor som er henta frå bompengeproposisjonen for Bypakke Ålesund.

Prioritet	Prosjekt og tiltak	Tiltak nr. i kart	Statens vegvesen sine berekningar (Mill. 2021-kr inkl. mva)	KS2-konsulentens sine berekningar (Mill. 2021-kr inkl. mva)
1	Brosundbro, og ny gate i forlenging av Keiser Wilhelms gate	1	291	298
2	Kollektivterminal – gateterminal i Keiser Wilhelms gate	2	83	83
3	Kollektivknutepunkt ved Ålesund sjukehus	3	52	59
4	Kollektivknutepunkt ved Campus Ålesund	4	156	272
5	E136 Breivika-Lerstad	5	1 994	2 086
6	E136 Lerstادتoppen-Campus	6	478	460
7	Tiltak for framkomst for buss, for gåande og syklande og trafiktryggleik.	Ikkje plassert i kart	291	291
8	Sanering av kryss, tilrettelegging for gåande og syklande samt kollektivtrafikk	8	301	328
9	Kryssutbetring (påkøyringsrampe)	9	52	52
<i>SUM PROSJEKTER</i>			3 698	3 929
Innkjøp og etablering av bomstasjonar			42	42
Planlegging og prosjektering			52	52
<i>SUM Bypakke Ålesund</i>			3 792	4 023

Ein har ikkje fått tildelt statlege midlar til prosjektet *Brosundbro, og ny gate i forlenging av Keiser Wilhelms gate* i 2023, og kan såleis ikkje starte det opp i 2023 om nokon del av prosjektet skal finansierast med statlege midlar. Ein kan difor heller ikkje starte Posthuskrysset neste år, slik finansieringa ligg i dag.

### Vurdering

Fordelinga av statsmidlar på prosjekta er ikkje omtala i bompengeproposisjonen, sett bort frå prosjektet E136 Breivika-Lerstad. Fordelinga er difor sett opp gjennom arbeidet med handlingsprogrammet for 2022-2025, slik som vist i tabellen nedanfor.

Andre prosjekter stat - Egenfinansiering 193,5 mill. 2022-kr		Ramme stat	Statsmidler	Bom
1	E136 Brosundbro og ny gate Keiser Wilhelms gt	317,3	56,7	260,6
3	E136 Kollektivknutepunkt ved Ålesund sjukehus	63,0	11,3	51,8
4	Kollektivknutepunkt ved Campus Ålesund	212,3	37,9	174,3
6	E136 Lerstادتoppen-Campus	489,8	87,6	402,2
7	Sekkepost kollektiv, TS, sykkel, gåing	31,0	0,0	31,0
9	E39 Myrland, påkjøringsrampe	55,3	0,0	55,3
10	Bomstasjoner	44,2	0,0	44,2
11	Planlegging og prosjektering	5,3	0,0	5,3
Andre prosjekter stat		1 218,2	193,5	1 024,7

Her ser ein at det ligg inne 56 mill. kroner i statsmidlar på prosjektet *Brosundbro, og ny gate i forlenging av Keiser Wilhelms gate*, og då ein ikkje har fått oppstartsbevilgning, er det dette som hindrar oppstart til neste år. Årsaka er at ein ikkje kan starte opp statlege prosjekt som gir ei binding for staten, utan at ein har fått bevilgning gjennom statsbudsjettet.

Styringsgruppa har sjølv vedtatt fordelinga av statsmidlar på prosjekta gjennom handlingsprogrammet. I følgje Statens vegvesen er det i denne saka mogleg å gjere om på fordelinga om styringsgruppa ønskjer dette. Om prosjektet *Brosundbro, og ny gate i forlenging av Keiser Wilhelms gate* vert gjort 100 prosent bompengefinansiert, så kan prosjektet starte i 2023. Dette gjer det også mogleg å starte opp Kollektivknutepunktet i sentrum med Posthuskrysset inkludert. Ei omfordeling kan gjerast som vist i tabellen nedanfor, ved å flytte statsmidlane til Lerstادتoppen Campus.

Andre prosjekter stat - Egenfinansiering 193,5 mill. 2022-kr		Ramme stat	Statsmidler	Bom
1	E136 Brosundbro og ny gate Keiser Wilhelms gt	317,3	0,0	317,3
3	E136 Kollektivknutepunkt ved Ålesund sjukehus	63,0	11,3	51,8
4	Kollektivknutepunkt ved Campus Ålesund	212,3	37,9	174,3
6	E136 Lerstادتoppen-Campus	489,8	144,3	345,5
7	Sekkepost kollektiv, TS, sykkel, gåing	31,0	0,0	31,0
9	E39 Myrland, påkjøringsrampe	55,3	0,0	55,3
10	Bomstasjoner	44,2	0,0	44,2
11	Planlegging og prosjektering	5,3	0,0	5,3
Andre prosjekter stat		1 218,2	193,5	1 024,7

Vi har ikkje nokon garanti for kor tid ein får statsmidlar til eit prosjekt eller kor mykje ein får det enkelte året. Det kan vise seg etter kvart at den reserven styringsgruppa har sett opp gjennom utbyggingsplanen vert redusert. Dette kan skje dersom statsmidlar vert skyvd ut i tid til 2027 og seinare, og ein tilsvarande del bompengar kjem tidlegare. Ei omfordeling kan gjere at statsmidlane kjem seinare, men dette veit vi ikkje.

Prosjekta i sentrum er høgt prioritert både i proposisjonen for pakka og i utbyggingsplan vedtatt i styringsgruppa. Sekretariatet tilrår difor at ein gjer om på fordelinga av den statlege finansieringa, slik at den statlege finansieringa som er sett opp på prosjektet *Brosundbro, og ny gate i forlenging av Keiser Wilhelms gate*, vert flytta til prosjektet E136 Lerstادتoppen-Campus. Ei slik løysing gjer at

prosjektet *Brosundbro, og ny gate i forlenging av Keiser Wilhelms gate* vert 100 prosent bompengefinansiert. Ein har fått klarsignal om at vi då kan trekke opp bompengar til prosjektet i 2023. Dette gjer at vi kan starte opp Kollektivknutepunktet i sentrum med Posthuskrysset i 2023, og ein får også moglegheit til å starte opp Brosundbro, Waterfront-Keiser Wilhelmsgate om styringsgruppa seinare vedtar det.

Forslag til vedtak

Styringsgruppa vedtar følgjande fordeling av statsmidlar på prosjekta i bypakka:

Andre prosjekter stat - Egenfinansiering 193,5 mill. 2022-kr	Ramme stat	Statsmidler	Bom
1 E136 Brosundbro og ny gate Keiser Wilhelms gt	317,3	0,0	317,3
3 E136 Kollektivknutepunkt ved Ålesund sjukehus	63,0	11,3	51,8
4 Kollektivknutepunkt ved Campus Ålesund	212,3	37,9	174,3
6 E136 Lerstادتoppen-Campus	489,8	144,3	345,5
7 Sekkepost kollektiv, TS, sykkel, gåing	31,0	0,0	31,0
9 E39 Myrland, påkjøringsrampe	55,3	0,0	55,3
10 Bomstasjoner	44,2	0,0	44,2
11 Planlegging og prosjektering	5,3	0,0	5,3
Andre prosjekter stat	1 218,2	193,5	1 024,7

## Sak 5 – Vidareutvikling av merkevara Bypakke Ålesund

### Bakgrunn

Kommunikasjonsarbeidet er viktig for å nå måla som er vedtekne for bypakken, men vi har avgrensa med ressursar til å jobbe med strategisk og operativt kommunikasjonsarbeid (ei 100% stilling) – spesielt no i oppstartsfasen når mykje skjer samtidig.

Bypakke Ålesund ved Ålesund kommune inngjekk derfor ein rammeavtale for kommunikasjonstenester med Vest Studio våren 2022. Målet var å få hjelp til å skape eit betre grunnfundament for det vidare kommunikasjonsarbeidet. Ramma for avtalen er inntil 1,3 millionar eks. mva. og inntil 4 år.

Det første oppdraget Vest studio fekk var å lage merkevarestrategi, vidareutvikle den visuelle profilen vår og legge til rette for verknadsfull og effektiv kommunikasjon dei neste åra gjennom ei god verktøykasse. Arbeidet bygger vidare på kommunikasjonsstrategien som vart vedtatt våren 2022, og blir viktig for å lykkast med måla til Bypakke Ålesund framover.

Den 9. desember får styringsgruppa ei orientering om status for kommunikasjonsarbeidet ved Sunniva Ullavik Erstad, kommunikasjonsrådgivar for Bypakke Ålesund, og ein presentasjon av arbeidet som er gjort ved Hanne Vegsund Fagerslett, designar i Vest studio.

Arbeidet har vore finansiert gjennom det ordinære budsjettet for kommunikasjon, og per i dag ser vi heller ikkje behov for å be om auka kommunikasjonsbudsjett for 2023. Vi har stort fokus på å halde kostnadane nede, til dømes ved å bruke eksisterande malar og teknisk løysning på nettside.

### Forslag til vedtak:

Styringsgruppa stiller seg bak retningsvala og planane for det vidare kommunikasjonsarbeidet til Bypakke Ålesund.

## Sak 6 – Årsplan for møter i 2023

### Forslag til møteplan for styringsgruppa i 2023

<b>Dato</b>	<b>Dag</b>	<b>Stad</b>	<b>Saker</b>
24. januar	Tysdag	Ålesund	Løysing i sentrum
3. mars	Fredag		Handlingsprogram, budsjett, årsrekneskap, Tonningsgate
21. april	Fredag		E136 Breivika-Lerstad (?)
26. mai	Fredag		E136 Brosundbro, Waterfront (?)
16. juni	Fredag		
25. august	Fredag		
29 september	Fredag		
3. november	Fredag		
8. desember	Fredag		